

## IDRETTSKRINSSTYRET 2016-2018

### Protokoll

Møtenummer : 5/2016-2018  
Dato : 15. desember 2016  
Klokka : 16.30 – 17.45  
Stad : Idrettens hus – Førde

NAMN	TIL STADES	FORFALL	FRÅVÆR	IKKJE SAK NR:
Sandal, Nils R. (leiar)	X			
Heimdal, Arve (nestleiar)	X			
Helland, Ruth Sølvi	X			
Schøyen, Lilly	X			
Martine Viken			X	
1.vara Heien, Ingrid	X			
2.vara Grimseth, Stian		X		
Leversund, Anne, organisasjonssjef	X			
Ingrid Narum , plan og utviklingsleiar	X			
Erling Benjaminsen, økonomikonsulent	X			

### Møteplan - neste styremøte:

12.desember 2016 Førde kl. 16.30. Avsluttast med julemiddag.  
Torsdag 9.februar 2017 – Skei kl. 17.00

### Representasjon:

Fysak seminar, Værlandet	29-30.08.16	Ingrid Narum, Anne Leversund
NIF styreleiaraskulen	02.09.16	Nils R Sandal
Kretsledermøte, Kirkenes	23-25.09.16	Nils R Sandal, Anne Leversund
Hovudutval for kultur og næring	27.09.16	Nils R Sandal, Anne Leversund
Dialogmøte idrettsråd, Skei	04.10.16	Nils R Sandal, Ruth Sølvi Helland, Ingrid Heien + adm
Evalueringsmøte EM 2016	06.10.16	Anne Leversund
Haustmøte Skikrinsen, Skei	07.11.16	Ingrid Narum
Opptur, Sparebanken Sogn og Fj., Florø	15.11.16	Anne Leversund, Ingrid Narum
Grenselaus idrettsdag, Førde	19.11.16	Nils R Sandal, Arve Heimdal, Ruth Sølvi Helland + adm
Miljøhelg NFF Sogn & Fj., Førde	26.11.16	Nils R Sandal
Nasjonale Idrettskonferanse NIF, Trondheim	01-02.12.16	Lorentz Fannemel
Fellesforum NIF	08.12.16	Anne Leversund

### Nytt frå administrasjonen- Orienteringssaker

Nytt sidan sist v/styreleiar og organisasjonssjef.

### SAKER :

- 15 2016 - 2018 Protokoll frå førre møte
- 16 2016 – 2018 Innkalling til ekstraordinært idrettskrinsting
- 17 2016 - 2018 Høyring intensjonsplan Vestlandsregion .
- 18 2016 - 2018 Kjøp og sal av aksjar og fast eigedom

#### **Sak 15            Protokoll frå førre møte**

**Vedtak:**        Protokollen er godkjend

**Bakgrunn :**    Jfr protokoll frå idrettskrinsmøte nr 4/2016-2018

#### **Sak 16            Innkalling til ekstraordinært idrettskrinsting**

**Vedtak:**        Idrettskrinsstyret vedtek å kalle inn til ekstraordinært idrettskrinsting på Idrettens hus i Førde, torsdag 15.desember 2016 klokka 18.00  
Saka vart handsama av styret på mail 14.11.2016

#### **Bakgrunn:**

Viser til informasjon i styremøte 24.oktober 2016 vedrørande prosessen med å selje Idrettskrinsen sine lokale i Concorde AS . Og idrettskrinsstyret sin tilslutning om å gå vidare med denne saka.

Denne saka vil kunne vurderast i høve idrettskrinsen si lov § 11 .7 « Disposisjonar, medrekna låneopptak, av ekstraordinær karakter eller vesentleg omfang i høve til idrettskrinsen sin storleik og verksemd skal vedtakast av idrettskrinstinget »

Styret vil be idrettskrinstinget om fullmakt til å gjennomføre desse transaksjonane.

#### **Sak 17            Høyring intensjonsplan for samanslåing av Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland til ein Vestlandsregion.**

**Vedtak:**        Idrettskrinsstyret vedtek vedlagte utkast som Sogn og Fjordane idrettskrins sin høyringsuttale.  
Saka var handsama av styret på mail 22.11.2016

**Bakgrunn:**    Sogn og Fjordane fylkeskommune har sendt intensjonsplan for samanslåing av Sogn og Fjordane, Hordland og Rogaland ut på høyring.  
Sogn og Fjordane idrettskrins er ein av høyringsinstansane.

Fylkeskommunen ber høyringsinstansane særleg om tilbakemelding på følgjande tema:

- Synspunkt på om Sogn og Fjordane bør vere med og søkje Stortinget om samanslåing av dei tre vestlandsfylka, slik den framforhandla intensjonsplanen legg opp til (jf. vedlegg 1).

- Synspunkt på ytterlegare krav og ønske som vi kan ta med oss i arbeidet med å utvikle ein eventuell vestlandsregion. Dette kan også vere supplement til «kravlista» som ligg i punkt 10 i nemnde intensjonsplan.

Høyringsbrev, intensjonsplanen og meir informasjon finn de ved å følgje denne lenkja:

<http://www.sfj.no/intensjonsplan-for-samanslaaing-av-sogn-og-fjordane.5920868-385761.html>

### vedlegg høyringsuttale


Pause i styremøtet for å avvikle ekstraordinært idrettsting 2016.

#### **Sak 18      Kjøp og sal av aksjar og fast eigedom**

**Vedtak:** Etter fullmakt frå Idrettskrinstinget i Sogn og Fjordane vedtek styret i Sogn og Fjordane idrettskrins :

1. Kjøp av 250 m<sup>2</sup> kontorlokale i 3 etasje i Concord bygget i Førde.  
Øvrige vilkår, sjå notat lagt fram i styremøte.
2. Sal av aksjar i Sofik AS.  
Øvrige vilkår, sjå notat lagt fram i styremøte.
3. Styret tilrår og styret i Sofik AS å vedta følgande:  
Sal av kontorlokale 573 m<sup>2</sup> i 3 etasje i Concord bygget i Førde.  
Øvrige vilkår, notat lagt fram i styremøte.

**Bakgrunn:** Administrasjonen har ein god stund jobba med å vurdere ulike alternativ for disponering av arealet til Sofik AS, idrettens hus, 3 etasje i Concord bygget. Arealet vi eig er mykje større enn dagens arealbehov og vi har dei seinare åra leig ut ein stor del av arealet.  
Vi er no i mål med intensjonsavtalar som går på at Sofik AS sel sine 573 m<sup>2</sup> i Concordbygget, og at idrettskrinsen deretter sel selskapet.  
Idrettskrinsen kjøper nye areal 250 m<sup>2</sup> i same bygg, og same etasje.  
Idretten vil då kunne tilby meir tilpassa lokale som vi meiner vil kunne bidra til betre samhald og samhandling for alle som har arbeidsplassen sin på idrettens hus. Det nye arealet vil dekke plassbehovet til særkrinsane og idrettskrinsen.  
Denne endringa fører til at vi sparer ein del driftskostnadar kvart år, driftskostnadane vert føreseielege ( ikkje avhengige av 100 % utleige til ei kvar tid ) og ikkje minst, vi slepp å bruke mykje tid og energi på utleige av areal vi ikkje treng sjølv, ein energi vi gjerne vil nytte på andre ting. Sidan desse avtalene ikkje er underteikna enda, vert øvrige vilkår lagt fram i styremøte. Administrasjonen meiner at dette vert ei god løysing for idretten i fylket.



**Anne Leversund**  
Organisasjonssjef